



Mange kjem nok til å kosa seg på Oska i sommar(Arkivfoto).

I dag var siste komplettdagen før sommarsesongen på Oska. Då eg var innom og forsynte meg av Roy Lervåg sitt velsmakande og populære komebuffet i halvfire-tida, var det svært mange som gjode det same. Neste torsdag er det klart for sommarsens første rekebord. At rekene overtar for komlene på Oska, er eitt av teikna på at det er sommar.

Roy Lervåg fortel at han er svært godt nøgd med pinsehelga og 17.mai som vi nett har bak oss. Besøket har vore godt, og det var mange som nytta høve til å innta både søndagsmiddagen pinsedag og kosa seg med buffeet på 17.mai. Begge desse dagane var det svært godt med folk, medan han hadde eit slutta lag på pinseaftan.

No held han på og gjer seg klar til sommarsesongen. Han har tilsett folk. Det er stort sett lokale folk, men det er også ein spansk servitør som han er blitt kjent med gjennom eit tidlegare samarbeid. Han arbeider og med sommarmenyane og har dei så godt som klare.

Eit populært tilbod om sommarkveldane er rekeborda. Desse vert kvar torsdag. Det startar 26.05., men så vert det ikkje den 02.06. då det er eit slutta lag som har bestilt. Frå 09.06. vert det reker å få på Oska kvar torsdag utover sommaren. Elles kjem det til å skje mykje spennande og variert program på Oska framover. Det kjem vi tilbake til.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland